



Referat

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Møtenummer: 4/19
Møtetid: 27.8.2019 kl 0930-1400
Stad: Sogndal kommunehus
Møteleiar: Jarle Skartun
Referent: Karina Nerland

AGENDA

Faste deltakarar
Namn
Oddbjørn Ese (Vik), Arne Johansen (Lærdal), Odd Arve Rakstad (Leikanger), Jarle Skartun (Luster), Ole Gunnar Krakhellen (Sogndal), Kjellaug Brekkhus (Høyanger), Svein Arne Skuggen Hoff (Balestrand), Steinar Søgaard (Aurland), Stig Stark-Johansen (Årdal) og Stig Arne Thune (nye Sogndal kommune-NSK, til kl 12/ sak 7)
Forfall
Oddbjørn Ese (Vik), Stig Stark-Johansen (Årdal)
Andre
Karina Nerland, dagleg leiar Marianne Skjeldstad Hove (nye Sogndal kommune, til kl 12).

Nr	Sakliste	
1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2	Referat frå siste møte, 27.5.2019. Møte i Sogn regionråd, 14.6.2019 - Ingen kommentarar eller spørsmål.	
3	Arbeidsgjevarkontroll Det er utarbeidd eige saksframlegg til bruk i kommunane som vart utsendt til møte. Oppstart er formelt skyvd til 1.1.2020. Kommunane melde i møtet tilbake at dei er positive til å vera med i samarbeidet med Lærdal som vertskommune. Einaste innvending frå NSK er at dei ønskjer 1 år oppseiingstid frå årsskiftet. Det kom også innspel om at Lærdal tek eit totalansvar for tilsynskontrollen istadenfor at det ligg til kvar kommune. Innkrevinga vil liggje til kvar kommune som før. Interkommunalt samarbeid må handsamast politisk i kommunane. Arne vurderar innspela og slutfører grunnlaget for den politiske handsaminga i kommunane. Kommunane bør handsama dette i løpet av september for å få ordninga i gang frå 1.1.2020.	Arne Alle
4	Innkjøpssamarbeidet Tilråding frå arbeidsgruppa på fylkesnivå er sendt til rådmannsgruppa i KS og vart sendt ut til dette møtet. Rådmennene i Sogn sluttar seg til tilrådinga om å etablera kommunesamarbeid med Kinn som vertskommune. Det finst eit godt	

	<p>fagmiljø i Kinn som har både juridisk og økonomisk kompetanse på området. I ei periode framover bør vi bruka deira kompetanse.</p> <p>I Sognregionen vert det søkt å etablere eit nettverk mellom innkjøpskontaktane for å byggje kompetanse og kapasitet. Kvar kommune peikar ut ein representant frå sin kommune til nettverket til neste møte. Rådmannsgruppa peikar ut ein til å leia det regionale nettverket. Kommunane må styrke kompetansen i eigen organisasjon, jf sertifiseringskurs.</p> <p>Det kom innspel om å starte eit kraftnettverk. Blir teke opp att i neste møte.</p>	Alle
5	<p>NAV-regionalisering</p> <p>Stillinga som prosjektleiar er lyst ut. Innspel i møtet er at NAV ikkje køyrer reelle partnerskapsmøte. Det kan bli endringar knytta til kontorlokale i regionen. Jarle, Svein Arne og Arne følgjer opp med møte med NAV.</p>	Jarle, Svein Arne og Arne
6	<p>Dei interkommunale avtalane</p> <p>Jf oppspel frå NSK og drøftingar 13. mai. Referat frå møte var utsendt til møtet. Regien ligg hos NSK på dei fleste avtalane. NSK ønskjer innspel generelt til avtalane. Det er to styringssignal: skal henta ut synergjar og samstundes vera proaktiv pådrivar for samarbeid. Det er føresett nokre avklaringar, intensjonar og føringar. Det kom innspel om å sjå på administrative kostnader og kontorleige. Sogndal viste til at det ligg kostnader i å vere vertskommune for interkommunale avtaler, men er opne for å sjå på administrative kostnader meir enn husleige.</p> <p>Konklusjon: Rådmennene ønskjer å bruke 2020 som overgangsår utan dei store endringane, og at det vert arbeidd for å få på plass nye avtaler frå 2021. Kan vera at nokre bør kome på plass tidlegare.</p> <p>Det skal lag ast ein framdriftsplan for arbeidet.</p> <p>Rådmannsgruppa ønskjer å drøfta korleis rådmannssamarbeidet kan driftast framover.</p>	Svein Arne
7	<p>Budsjett for Sogn regionråd 2020 – fordeling</p> <p>Notat frå dagleg leiar var sendt ut til møtet. SR har vedteke ei ramme på kr 3 818 000 som er deflatorjustering av 2019 og med kr 200 000 til prosjektet Sogn for alle. Det er ikkje vedteke fordeling mellom kommunane. Dagleg leiar ønskjer innspel og råd frå rådmannsgruppa før sak om fordeling skal opp i neste rådsmøte 1.11.2019.</p> <p>Innspel: Sogndal kommune er utfordra på å vurdera administrative kostnader og kontorleige, jf saka om interkommunale avtaler, til neste møte. Ei løysing kan vera at Sogndal reduserer på dei administrative kostnadane og fordelinga blir 40 (fast) og 60 (folketal). Saka kjem opp att i neste RG-møte.</p>	NSK
8	<p>Status for dei ulike tilskotssøknadane, -fellesfinansieringstiltaka</p> <p>Den kommunale handsaminga og framdrifta i prosjekta:</p> <p>Njøs næringsutvikling – tilskot vs aksjekapital?</p> <p>Sjøredningsbase – ønskeleg med ein avtale ved akuttsituasjonar</p> <p>Sogn som arbeidsplassregion offentlege arbeidsplassar</p> <p>Lærdal grønt – søknad gått til kommunane, ikkje handsama enno.</p> <p>I lys av fleire regionale prosjekt kom det innspel om moglegheitene med å etablere noko meir formelt fellesskap for å drøfte og støtte tiltak, jf Voss-Aurland-Vik-samarbeidet.</p> <p>Hangar – byggjearbeidet i gang. Leigeavtale er på plass.</p>	Odd Arve
9	<p>Referatsaker</p> <p>Sogn for alle – integrering og inkludering. Prosjektplanen var utsendt til møtet. Saka er sendt ut før sommarferien for kommunevis handsaming/godkjenning. Legg opp til å starte tiltak denne hausten; etablerarkurs og nettverk for</p>	Alle

	<p>bedrifter. Søkjer fylkeskommunen om finansiering til prosjektleiar frå 2020. Kommunale midlar inngår i budsjetttramma vedteken i rådsmøtet i juni-møtet. Kommunane er bedne om å handsama saka før neste rådsmøte.</p> <p>-Klimasatsing i Sognekommunane: Saka vart handsama i sist rådsmøte. Rapporten går til rådmennene. Saka kjem opp i neste møte.</p> <p>-Desentralisert sjukepleieutdanning – det blir møte med høgskulen 6.9.</p> <p>-Næringsvenleg region.</p> <p>-Bustad-/planleggjarnettverket – Notat om aktivitetar og status i arbeidet var utsendt til møtet. Nettverket har dei gått vidare med tematiske møte utifrå planutfordringar kommunane har, og det er ønske om å halda fram med nettverket for å læra av kvarandre. Saka blir teke opp att i neste møte.</p> <p>-Alarmsentralen.</p> <p>-Psykologsamarbeid: Ny utlysing av dei 4 ledige stillingane i regionen. Stillinga i regionrådet inneber behov for kommunal delfinansiering (halv) frå 2021. Høgskulen finansierer resterande halve stillinga. Arbeidet knytta til grenseoppgangar kommunehelse- og spesialisthelsetenesta og mandat for regionalt psykolognettverk, jf rapporten om samarbeid om psykologtenesta, vil bli teke opp att når psykolognettverket er på plass. Utarbeiding av avtale om spesialisering med Helse Førde blir fulgt opp seinare.</p> <p>-Avtale GIS-koordinator: Avtalen går ut 31.12.2019. Det bør lagast oversikt over aktivitetar og tiltak samt utkast til ny avtale til neste møte.</p>	<p>Karina</p> <p>Karina</p> <p>Alle</p> <p>Karina</p> <p>Karina</p>
10	<p>Restansar</p> <p>Samarbeid om førebyggjande helse: Dialysetilbodet i Sogn – innspel om reetablering av tilbod i Sogndal</p>	
11	<p>Neste møte</p> <p>Det er planlagt møte 15.10. og 19.11.</p> <p><u>Leiar tek eit ansvar for å finne ev. nye møtedatoar (dialog og vedtak kjem).</u></p> <p>Lunsj til lunsj møte for det eine møte er aktuelt.</p>	
12	<p>Innspel i møtet</p> <p>Informasjon om møte og saker i helse- og omsorgsutvalet i KS:</p> <p>-Nytt rådmannsutval – nye kandidatar</p> <p>-Mange høyringar som er ute – høyring av prehospital plan er utsett</p> <p>-Samhandlingskoordinator ønskjer å møte rådmennene</p> <p>-Sekretariat for folkehelsearbeidet – det kjem eigen epost med meir informasjon før utpeiking av person</p> <p>Programleiar System for styrka læring: Inger Marie Evjestad tilsett som programleiar, byrjar 1. oktober 2019.</p>	